



Verneområdestyret  
Setesdal Vesthei,  
Ryfylkeheiane og  
Frafjordheiane

# Møteinnkalling

---

**Utvalg:** **AU i verneområdestyret for SVR**

**Møtested:** , Teams

**Dato:** 09.01.2025

**Tidspunkt:** 08:00

---

Eventuelt forfall må meldes snarest til en av verneområdeforvalterne. Vararepresentanter møter etter nærmere beskjed.

## Saksliste

<b>Utvalgs- saksnr</b>	<b>Innhold</b>	<b>Lukket</b>	<b>Arkiv- saksnr</b>
AU 1/25	Godkjenning av innkalling og saksliste		
AU 2/25	Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar		
AU 3/25	Referatsaker		
AU 4/25	Orienteringssaker		
AU 5/25	Søknad om bruk av snøskuter til utkøyring av åte til lisensjakt på jerv. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Livar Ravndal. Valle og Sirdal kommune.		2024/12564
AU 6/25	Eventuelt		

**AU 1/25 Godkjenning av innkalling og sakliste**  
**AU 2/25 Val av en representant til å skrive under møteprotokollen saman med styreleiar**  
**AU 3/25 Referatsaker**  
**AU 4/25 Orienteringssaker**



Arkivsaksnummer: 2024/12564

Saksbehandlar: Jørn Trygve Haug

Dato: 06.01.2025

Utval	Utvalsak	Møtedato
AU i verneområdestyret for SVR	5/25	09.01.2025

## Søknad om bruk av snøskuter til utkøyring av åte til lisensjakt på jerv. Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Livar Ravndal. Valle og Sirdal kommune.

### Forvaltar si innstilling

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 får Livar Ravndal løyve til å nytte snøskuter til frakt av åte til lisensjakt på jerv i området Bossbu turisthytte i Setesdal Vesthei Ryfylkeheiane landskapsvernområde. Løyvet gjeld for inntil to turar med to snøskuterar i følgje og for perioden 10.1.2025 til og med 15. februar 2025. Utgangspunktet for transporten er Suleskard. Kart over tillate køyreruter, tre alternativ, går fram av vedtaket. Løyvet gjeld også for Johan Ravndal, Martin Rege, Aslak Tjørhom og Jørgen Omlid.

For løyvet gjeld følgjande vilkår:

- Så sant det er forsvarleg ut i frå tryggleik skal køyreruta over Rosskreppfjorden nyttast.
- Løyvet skal alltid vera med under transporten. Før kvar tur må loggskjema fyllast ut. Skjemaet skal alltid følgje løyvet.
- Om førar under transporten observerer villrein innanfor ein avstand på 400 meter frå traseen skal transporten utsettast slik at villreinen ikkje vert uroa.

Med heimel i naturmangfaldslova § 48 gir arbeidsutvalet i verneområdestyret avslag på køyring utover to turar og køyring vidare til Store Sandvatn.



som med jamne mellomrom vil bli sjekka av skipatrujar. Vert det registrert jerv på kamera skal jaktlaget poste ved åta.

Ravndal, saman med dei andre heiesjefane i Jæren Smalelag, er uroa for beitesituasjonen for sau komande sesong og er oppteken at det vert skoten jerv. Han meiner det også i høve til villreinstamma er viktig å redusere tal jerv med tilhald i områda.

Søkar har bede om at løyvet også skal gjelde Johan Ravndal, Martin Rege, Aslak Tjørhom og Jørgen Omlid.

Det er ikkje opna for ordinær jakt på jerv, men lisensfelling er jamfør Miljødirektoratet det viktigaste verktøyet for å avgrense veksten og/eller utbreiing av bestanden. Rovviltnemndene kan opne for lisensfelling når bestandsmålet er nådd i eigen region og når regionen ikkje har mål om yngling av jerv. Jegerar som ønskjer å delta på lisensfelling må registrere seg som lisensjeger i jegerregisteret.

Vedtaket om lisensjakt vart fatta av rovviltnemnda for region 2 (Buskerud, Telemark, Vestfold og tidlegare Aust Agder fylke) 16.5.2024 og med løyve til lisensfelling av to jerv. Det er også fatta vedtak om lisensjakt på jerv i region 1 (Vestland, Rogaland og tidlegare Vest Agder fylke) og med løyve til lisensfelling av inntil åtte jerv i regionen. Båe vedtaka vart klaga på men oppretthalden av Klima- og miljødepartementet i vedtak dagsett 16.8.2024.

Uttak av jerv kan også skje ved skadefelling. Dette vert berre nytta ved akutt skadesituasjon. Det er egne skadefellingslag som står for slik felling. Det kan også nyttast ekstraordinære uttak frå jervehi. Det er SNO som i så fall står for dette.

Jamfør SNO er det registrert lengre eller kortare opphald av 5 individ av jerv frå Haukelifjell og sørover i løpet av 2023 og 2024. I beitesesongen 2024 er det dokumentert at to sau er tatt av jerv i Agder (Valle). Det er søkt om skadeerstatning for eit langt høgare tap, men dette er ikkje dokumenterte tap til jerv. Jamfør statsforvaltaren i Agder synast det pr. no ikkje å vera grunnlag for å gi løyve til skadefelling.

#### *Formell bakgrunn for vurdering og vedtak*

- Forskrift om vern av Setesdal Vesthei-Ryfylkeheiane landskapsvernområde av 28.04.2000
- Naturmangfaldlova.
- Forvaltningsplan for verneområda i Setesdal Vesthei, Ryfylkeheiane og Frafjordheiane frå 2015

#### *Heimelsgrunnlag*

Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vart verna ved Kronprinsregentens resolusjon av 28. april 2000. Føremålet med vernet er etter kapittel III i Føreskrift om vern av Setesdal Vesthei- Ryfylkeheiane landskapsvernområde:

- Å ta vare på eit samanhengande, særmerkt og vakkert naturområde med urørte fjell, hei og fjellskogsområde med eit særmerkt plante- og dyreliv, stølsområde, beitelandskap og kulturminne.
- Å ta vare på eit samanhengande fjellområde som leveområde for den sørlegaste villreinstamma i Europa

Motorisert ferdsel i Setesdal Vesthei - Ryfylkeheiane landskapsvernområde vert regulert av verneforskrifta kapittel 4 pkt. 5.1 bokstav a kor det heiter at motorisert ferdsel på land er forbode. Det er inga særskild dispensasjonsheimel for utkøyning av åte. Søknaden må difor handsamast som unntak frå vernevedtaket etter § 48 i naturmangfaldslova. Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå verneforskrifta *om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig*. Miljødirektoratet understrekar at høvet til å gi dispensasjonar etter § 48 er snevert. Dvs at det berre kan gjevast dispensasjon om tiltaket

«...vil ha ubetydelig eller begrenset virkning for verneverdiene. Dette kan være ved midlertidige eller forbigående forstyrrelser, eller enkeltstående aktiviteter eller tiltak»

### Tidlegare praksis

I 2019 (delegert vedtak 8/19) vart det gjeve avslag på bruk av snøskuter til utlegging og drift av jerveåte i samband med lisensjakt i Dyraheio landskapsvernområde i Suldal kommune. Avslaget vart grunngeven med at transporten skulle føregå i eit viktig vinterbeiteområde for villrein og at det ikkje var dokumentert tap av beitedyr til jerv i aktuelle område, og det var heller ikkje gjeve løyve til skadefelling av jerv.

I 2016 vert det i delegert vedtak 21/2016 gjeve løyve til bruk av snøskuter til å legge ut åte i samband med skadefelling av jerv. Dette gjaldt for fire åteplassar i Dyraheio landskapsvernområde. Løyvet gjaldt også for å sette ut viltkamera ved åtet, drift av åtene, opprydding på åteplassane og transport av mannskap til postering ved åtene. Tal turar vart avgrensa til inntil ti turar til kvar av dei fire åteplassane.

I ei klageavgjersle frå Rondane nasjonalpark og Frydalen landskapsvernområde frå 2018 oppretthaldt Miljødirektoratet verneområdestyrets vedtak om å tillate bruk av snøskuter til å frakte ut jegerar i samband med skadefelling. Her vart omsyn til villrein vurdert å bli tilstrekkeleg vareteke ved at det vart halde avstand om ein trefte på villrein under køyring og at områda det normalt oppheldt seg villrein vart utelata for køyring.

## **Vurdering**

### Vurdering etter naturmangfaldlova (NML)

Etter § 7 i Naturmangfaldlova skal dei miljørettslege prinsippa i §§ 8 til 12 i naturmangfaldlova leggest til grunn som retningsliner ved utøving av offentleg myndigheit. Forvaltingsmyndigheita må ved alle tiltak som vedkjem naturmangfaldet vurdere søknadane etter desse paragrafane

### NML § 8 Kunnskapsgrunnlaget

Kunnskapen om naturmangfaldet i området er henta frå lokalkunnskap, Miljødirektoratet sin naturbase, data frå GPS-merkeprosjektet på villrein i regi av NINA og database for sensitive artsdata.

Transporten går gjennom svært viktige vinterbeiteområde for villrein der både simler og bukkar normalt oppheld seg gjennom vinteren, dvs frå november og ut mars måned. På seinvinteren trekker gjerne simlene nordover til kalvingsområda nord i Valle.

Transporten går føre seg i tida før rovfugl etablerer seg på reirplassane. Ut frå kjend kunnskap er det difor ikkje andre særleg sårbare artar som vert råka av transporten.

### NML § 10 Økosystemtilnærming og samla belastning

Første del av køyreruta følgjer vinterstengd veg Brokke – Suleskard. Vider nordover følgjer den regulert magasin Rosskreppfjorden eller aust for denne avhengig av ruteval.

Turistforeininga har merka vinterløyper på båe sider av Rosskreppfjorden, men desse vert ikkje merka før tidlegast starten av februar måned avhengig av ver og føre. Køyreruta passerer Bossbu turisthytte og Svartenut turisthytte. På Bossbu har tal overnattingsdøgn på denne har dei siste åra ligge på kring 150 i vinterhalvåret, totalt kring 1000 gjestedøgn gjennom heile året. Tilsvarende tal på Svartenut er 75 og 500.

I nærleiken av køyreruta ligg det eit ti-tals driftshusvære og støylsbygningar. I tillegg har Statskog ein del av sine utleiehytter kring Rosskreppfjorden. Frakt av brensel, proviant og utstyr til desse, samt til Bossbu og Svartenut turisthytte, genererer ein god del motorisert ferdsel gjennom vinteren. I all hovudsak skjer dette seinare på vinteren (mars/april) og med

utgangspunkt i Brokke eller Berg på austsida av heia. På strekninga Suleskard – Øyarvatn har Sira Kvina kraftselskap mykje transport i samband med drift av Heistøl kraftverk.

Ferdsl på ski er mykje knytt til turistforeininga sine merka vinterløyper, men særleg på vårparten er det ein god del som går utanfor løypenettet. Dette synast å vera aukande i takt med hytteutbygginga på Valle og Sirdal side.

Perioden november – februar er normalt ein roleg periode i fjellet der det lite forstyrring i frå menneskeleg aktivitet. Det er også ein periode villreinen går på sparebluss og der det er viktig at dei får mest mogleg ro på beita.

#### NML § 11 Kostnadane ved miljøforringing skal berast av tiltakshavar og NML § 12 Miljøforsvarlege teknikkar og driftsmetodar

Så sant det skal drivast åtejakt synast det ikkje realistisk å transportere denne inn på andre vis enn med snøskuter. Eit alternativ kunne vera å nytte helikopter, men forvaltar kan ikkje sjå det utvilsamt er ei betre løysing på denne tida av året.

#### Vurdering etter naturmangfaldslova § 48

Etter denne paragrafen kan det gjerast unntak frå verneforskrifta om det ikkje strir mot verneføremålet og ikkje kan påverke verneverdiane nemneverdig.

Til innleiing kan det vera nyttig å referere frå klagesaka i Rondane nemnd ovanfor. I denne presiserte Miljødirektoratet at verneområdeforvaltninga ikkje skulle vurdere om det var naudsynt å ta ut jerv i høve til gjeldande rovdyrpolitikk. Det var berre bruken av snøskuter i samband med jakta som skulle vurderast. Forvaltar legg til grunn same forståing i denne saka.

Transporten inneber forstyrring i eit viktig vinterbeiteområde for villrein i ei tid på året det er lite annan aktivitet. Ut i frå korleis villreinen har nytta desse område dei seinare åra må ein forvente å treffe på villrein under transporten.

Det har ikkje vore praksis for å tillate denne type transport i samband med lisensjakt, berre i samband med skadefelling. Eit løyve i saka vil difor opne for eit nytt transportføremål og aktivitet ein ikkje har hatt fram til no. I eit tid der ein gjennom arbeidet med kvalitetsnorm og tiltaksplanar for villrein fjellet skal redusere forstyrring og påverknad er dette uheldig.

terskelen for å registrere seg som lisensjeger er låg og sjølv om det ikkje ligg føre andre søknadar for augeblikket må ein nesten forvente at det vil kome fleire. Saka vil såleis danne presedens.

Søknaden gjeld eit fåtal turar med snøskuter der forstyrringa er kortvarig og mellombels. Det er monaleg mindre omfattande køyring og aktivitet enn i saka frå Dyraheio i 2019 der det vart gjeven avslag. Sjølv om det gjeld et lite tal sau så er det dokumentert tap av sau til jerv i området, og det er truleg at det oppheld seg jerv i området. I høve til presedensverknad er det vesentleg at aktiviteten og fellingslaga er organisert av beitenæringa sjølv, og såleis skil seg frå ei meir tilfeldig gruppe jegerar som vil på jakt.

Forvaltar meiner det under tvil kan tillast eit svært avgrensa tal turar for å køyre inn åte til lisensjakta utan at dette vil stri mot verneføremålet og vil påverke verneverdiane nemneverdig. Køyringa bør avgrensast til inntil to turar med to snøskuterar i følgje. For å avgrense område og varigheit av forstyrring bør løyvet berre gjelde fram til Bossbu turisthytte og ikkje vidare mot Store Sandvatn. Så langt det er forsvarleg ut i frå tryggleik skal det nyttast alternativ køyrerute over Rosskreppfjorden då det normalt er mindre sjanse for å treffe på villrein langs denne traseen.



## **Konklusjon**

Søknaden vert delvis innvilga. Det vert sett vilkår for løyvet.

**AU 6/25 Eventuelt**